

## **FASTE RUTINAR**

### **MÅNADSBREV**

---

Kvar måned sender gruppe 1 og gruppe 2 med eit månadsbrev med informasjon om det som har skjedd og det som skal skje framover. Målet er at de skal kunne følgje litt betre med i skulekvardagen vår.

### **OBSERVASJON / OPEN SKULE**

---

Vi ynskjer dykk som foreldre/føresette hjarteleg velkomne til å observere i gruppene gjennom skuledagen, etter avtale med kontaktlærar. Dette kan også vere ein fin måte å få meir innblikk i både korleis vi arbeider og korleis barnet arbeider.

### **SYMJING**

---

Vi har symjeopplæring slik: gruppe 1 fram til jul og gruppe 2 frå nyttår til påske (kvar onsdag føremiddag). Vi leiger symjehallen ved Askvoll skule. Barna må ha med badekle, handkle, såpr/shampoo. Dei som har langt hår treng hårstrikk eller badehette. Vi reiser i tillegg til Hauglandssenteret med alle elevane 1 - 2 gonger i året.

### **MUSIKK/SAMSPEL**

---

Øyvind Selvik har samspel / band med gruppe 2 kvar tysdag ettermiddag. Vi deler dei 22 elevane i 4 grupper. Kvar gruppe får 1 time samspel annankvar veke (de finn musikkgruppene i eit eige skjema). Vi leiger lokale i Holmedal bygdehus til dette føremålet.

### **KROPPSØVING / FYSISK AKTIVITET**

---

Gruppe 1 har kroppsøving tysdag ettermiddag, gruppe 2 måndag ettermiddag. Vi ber om at elevane har med eigna kle og sko til desse øktene. Det er viktig med ledig klede og gode sko til både inne- og utebruk. Når det er godt ver, vil ein ofte vere ute. Gruppe 2 har høve til å dusje etterpå, dersom dei vil det. Elevane i gruppe 2 har elles fysisk aktivitet nokre korte morgonøktar i løpet av veka.

### **KUNST OG HANDVERK**

---

Gruppe 1 har kunst- og handverk integrert i arbeidsøktene. Gruppe 2 har kunst og handverk med Even onsdag ettermiddag + fredag ettermiddag (delt i 2 grupper).

### **MAT OG HELSE / MJØLK OG FRUKT**

---

Det blir ikkje mat – og helseundervisning dette året, men alle elevane skal etter tur vere med på kjøkkenet og lage til lunsj, som vert servert til alle dei fleste tordagar. Elles har elevane med niste kvar dag, og vi ber om at elevane har med niste desse dagane også, sidan det kan vere dei ikkje likar maten så godt. Skulen tilbyr mjølk og frukt kvar dag.

## **SYKKELOPPLÆRING**

---

Elevane får sykkelopplæring om våren, det året dei går i 4. klasse. Opplæringa vert avslutta med ein teoretisk og ein praktisk prøve. Når elevane har klart desse prøvane får dei ”sykkelsertifikat”.

## **«ETTER SKULETID»**

---

Skulen har plikt til å gje tilbod om leksehjelp. Leksehjelpa skal ikkje vere ein del av den obligatoriske opplæringa. Montessoriforbundet uttalte seg om denne ordninga då ho vart sett i gang hausten 2011. For montessoriskulen, som allereie har heildagskule, og langt fleire timar enn den offentlege skulen, har vi lagt alt skulearbeid i skuletida, og elevane har vanlegvis ikkje lekser. Skulen er likevel pliktig til å informere foreldre/føresette om tilbodet. Elevane skal ha rett til å delta, men tilbodet skal vere valfritt. Styret har bestemt at elevane i 1. – 4. klasse får eit tilbod om å delta i praktiske aktivitetar som vil variere med årstidene og elevane som deltar. Elevane får eit skjema heim der dei som ynskjer det kan melde seg på denne ordninga, som vil vere frå kl. 15.00 til 16.15, måndag – fredag.

## **KUNST OG KULTUR**

---

Holmedal montessoriskule deltek på arrangement i regi av den kulturelle skulesekken. Nokre gonger får vi desse tilboda på Askvoll skule, og då tar vi buss til og frå Askvoll, andre gonger kjem førestillingane til oss. I tillegg til det vi har fått tilbod om gjennom den kulturelle skulesekken, har vi tatt i mot fleire tilbod frå Folkeakademiet i Askvoll, og vi reiser årleg på Vevringutstillinga med elevane i gruppe 2.

## **KULTURSTUND**

---

Den første fredagen i månaden startar vi dagen med felles kulturstund i gymsalen. Her syng vi i lag, viser fram underhaldning for kvarandre, og markerer fødselsdagar med song og utdeling av helsing og kort. Ansvaret for kulturstunda går på omgang mellom gruppene.

## **STOREFRI, MELLOM FØRSTE OG ANDRE ARBEIDSØKT**

---

Elevane skal vere ute etter at dei har ete opp maten sin, fram til klokka ringjer inn til andre arbeidsøkt. (ca 11.30 – 12.30) Elevane får bruke gymsalen i storefri i perioden etter haustferien og før påskeferien. Det vil då bli laga ei fordeling mellom gruppene om bruken.

## **BYTEKLE OG INNESKO**

---

Alle elevar har eigne korgar der dei kan ha eit sett med bytekle. Dette er **viktig** at alle har, for rett som det er, er det nokon som blir våte/skitne, enten på tur eller i løpet av pausen. Vi brukar ikkje sko inne i klasseromma. Skoa må ein ta av i garderoben. Difor tilrår vi bruk av innesko, sidan det spesielt på vinteren kan verte litt vått i gangane. Vi ber også om at klede og sko er merka med namn.

## **HENTING, VERE MED HEIM, RINGE HEIM**

---

Dersom elevar vert henta på skulen av andre enn dei vi veit til vanleg hentar, ynskjer vi at skulen vert informert om dette. Vi ynskjer også å verte informerte dersom elevar ikkje skal ta den bussen dei pleier, eller andre endringar i dei vanlege rutinene. Avtaler om å vere med nokon heim etter skuletid må vere gjort på førehand, evt. foreldre imellom, som gjev melding til skulen. Det vil ikkje verte høve for elevane å låne telefon for å ringje heim for å gjere slike avtaler i skuletida. Vi ber også om at slike avtaler ikkje vert gjort via mobiltelefon i skuletida.

## **OPPLÆRINGSLOVA – utdrag for grunnskulen**

---

Holmedal montessoriskule driv i samsvar med Privatskolelova. I all hovudsak er denne i samsvar med Opplæringslova, og for at de som foreldre skal ha høve til å orientere dykk i forhold til lover og rettar, har vi valt å kjøpe inn eit foreldreexemplar av Opplæringslova og forskrifter. Denne vert sendt heim til nye elevar ved skulestart, slik at kvar heim får eitt eksemplar.